



Arkivnr: 2014/10499-1

Saksbehandlar: Roald Breistein

Saksframlegg

Saksgang

Utval	Saknr.	Møtedato
Kontrollutvalet		

Godkjenning av 6 prosjektrekneskapar innan universell utforming og innan skulesektoren

Samandrag

Bakgrunn for saka:

Kontrollutvalet skal i samsvar med gjeldande budsjett- og økonomiforskrifter, uttala seg om årsrekneskapane. Det er lagt til grunn at prosjektrekneskapar følgjer same prosedyre. I samband med dette gjorde fylkestinget slikt vedtak i sak 49/13 i møte 15.10.13:

«Fylkestinget vedtek at prosjektrekneskapar:

1. På 10 millionar kroner eller høgare skal reviderast av ekstern revisor og handsamast i kontrollutvalet før dei går vidare til politisk handsaming.
2. Der avviket i høve opphavleg budsjett er meir enn 10 % skal same rutine følgjast.»

Uttalen frå kontrollutvalet skal leggjast ved sak frå fylkesrådmannen til fylkesutvalet, som gjer vedtak. Sekretariatet har motteke uttale til 6 prosjektrekneskap frå Deloitte som skal handsamast i fylkesutvalet. Notat om avslutning av prosjekta, prosjektrekneskap, revisjonsuttale og eit oversyn over dei enkelte prosjekta ligg ved. I brev dagsett 18.2.2014, har Deloitte stadfesta at prosjektrekneskapa gjev eit rettvise bilete av at prosjekta og er i samsvar med god kommunal rekneskapsskikk.

Dei 6 prosjekta er relatert i hovudsak til universell utforming, men også til ombygging og enøk-tiltak. Eit av prosjekta har eit relativt stort meirforbruk medan dei andre 5 prosjekta har relativt store mindreforbruk. I notat frå eigedomsseksjonen vert det likevel vist til naturlege forklaringar på kvifor det har oppstått slike avvik. I tidlegare leverte prosjektrekneskapar har det gått fram korleis eventuelle overskridingar er dekt inn, enten ved bruk av lån eller ved bruk av ubundne fond. Grunnen til at dette ikkje er med denne gongen er at det no vert nytta vedteke rammebudsjett som betyr at ev. overskridingar vert dekkja inn i denne ramma.

Drøfting:

Handsaming og revisjon av prosjektrekneskapane er utført i tråd med regelverket ved at dei vert avslutta og revidert etter kvart, ved at dei vert send vidare til sekretariatet for handsaming i kontrollutvalet og at det er lagt ved notat med forklaring på avvik for alle prosjekta.

Konklusjon:

Sekretariatet tilrår at kontrollutvalet tar konklusjonane frå Deloitte til etterretning.

Forslag til uttale

1. Kontrollutvalet viser til konklusjon frå Deloitte, der det går fram at prosjektrekneskapa gjev eit rettvisebilete av at prosjekta er i samsvar med god kommunal rekneskapsskikk.
2. Kontrollutvalet tar konklusjonen frå Deloitte til etterretning.
3. Utvalet har elles ingen kommentar til prosjektrekneskapane.

Hogne Haktorson
kontrollsjef

Roald Breistein
seniorrådgjevar

Dokumentet er elektronisk godkjent og har derfor ikkje underskrift.

Vedlegg: Oversyn over 6 prosjektrekneskapar
 Revisjonsuttaler med tilhøyrande prosjektrekneskapar

**Oversyn over 6 prosjektrekneskapar**

Rekneskapsført: November 2013

Revidert: Februar 2014

Prosj.nr.	Eining	Føremål	Ophavleg budjett	Rekneskap	Avvik	Avvik i %
201	Universell utforming	Skifting av dører	kr 6 500 000	kr 8 842 087	-kr 2 342 087	-36,0 %
202	Universell utforming	Toalett	kr 6 500 000	kr 3 805 626	kr 2 694 374	41,5 %
203	Universell utforming	Kartlegging/planlegging tannklinikkar	kr 2 000 000	kr 1 495 518	kr 504 482	25,2 %
205	Universell utforming	Kommunikasjonsvegar	kr 6 000 000	kr 5 023 895	kr 976 105	16,3 %
2106	Knarvik vgs	Ombygging av garderobeanlegg	kr 2 830 000	kr 2 489 582	kr 340 418	12,0 %
4108	Laksevåg vgs	Enøk-tiltak	kr 700 000	kr 0	kr 700 000	100,0 %
TOTALT			kr 24 530 000	kr 21 656 708	kr 2 873 292	11,7 %